

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 18.00</b> <b>Til kl. 20.00</b>
Aurland	fjellstyret	Holo Gardstun	25.11.11	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Bente Steine, John Håland  
(Bjørn Ebne hadde forfall).

**Vara-  
medlemar** Kjetil Lien Nilsen.

**Andre** Kjell Inge Skjerveggen (Statskog SF), Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år  
19/11, 20/11, 21/11, 22/11.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til  
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 25.11.11

Stad: Holo Gardstun

Før ein starta handsaminga av saklista til møtet vart dei avtroppande fjellstyremedlemene takka for innsatsen med talar og gåver frå både fjellstyreadministrasjonen og Statskog.

Sak 19/11. Referat og meldingar  
Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 15. juni
- 2) Val av medlemar/varamedlemar til fjellstyret 2011-2015
- 3) Reinsjakta i Aurland – løyvetildeling og fellingsstatistikk
- 4) Hjortejakta i Nordheimsdalen
- 5) Tre høyringar gjennomførde av DN i haust:
  - Jaktidsforskrifta
  - Hjorteviltforskrifta
  - Forskrift om utøving av jakt og fangst
- 6) Brev frå Statens landbruksforvaltning om bruk av naturmangfoldslova for fjellstyra
- 7) Rapport om barne og ungdomsarbeid, Aurland fjellstyre 2011
- 8) Utført arbeid på elektrisk anlegg i gjetarhytta i Brubotn
- 9) Gjennomført el-sjekk på hytta i Håbergsholene
- 10) Oppattsetjing av bru over Tverrelvi i Nordheimsdalen
- 11) Utbetaling av tilskot til fjellstyret sitt oppsyn for 2011 – Statskog SF
- 12) Avtale om tynningsfiske i fjellvatn i Aurland statsallmenning
- 13) Invitasjon til haustmøte Hardangervidda, Kinsarvik 2.-3. desember
- 14) Melding om namneendring frå E-co Vannkraft til E-co Energi
- 15) Fotråde påvist i to reinskalvar frå Nordfjella
- 16) Møtedato for fjellstyremøte i desember vert **14. desember kl. 19.00**
- 17) Kurs for nye fjellstyre 16. – 17. februar 2012
- 18) Tarifforhandlingar avslutta i går – unngjekk streik

---

Aurland, den 28.11.11

Utskrift til:  
Fjellstyremedlemene og varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 27.11.11

Stad: Holo Gardstun

---

### Sak 20/11. Oppsynsbudsjett for 2012

Saksutgreiing med framlegg til budsjett låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet vert godkjent og oversendt til Statskog SF.

### Sak 21/11. Søknad om å få nytt fellingsløyve for kalv til reinsjakta i 2012

Saksutgreiing og søknad frå Kristine G. Ohnstad låg ved.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret gjev Kristine G. Ohnstad eit nytt fellingsløyve for kalv til jakta i 2012, som kompensasjon for fellingsløyve nytta på ein kalv på omlag 3 kg som ho skaut under jakta no i haust. Vedtaket skal ikkje verka inn på sjansane hennar til å bli tildelt fellingsløyve i den ordinære trekninga.

### Sak 22/11. Trekking av vinnar av «skrapdyrordninga»

Saksutgreiing låg føre. Denne synte at det var tre jegerar som oppfylte kravet til å vera med i trekninga.

#### **Handsaming i møtet:**

Sidan Kristine G. Ohnstad var tildelt nytt fellingsløyve i sak 21/11, vart ho ikkje teken med i denne trekninga. To namn stod då att, og trekning vart halden mellom desse. Ola Bjørgum vart vinnar av trekninga.

#### **Samrøystes vedtak**

Ola Bjørgum vart uttrekt som vinnar av fellingsløyve for simle/ungdyr og kalv for jakta 2012, etter å ha skote kalv på 13,1 kg under jakta i år.

